

Årsmelding frå fylkesstyret:

Sak 3 Årsmelding for Vestland SV 2022-23

1) Fylkesårsmøtet 2022

Møtet var digitalt på Zoom og GoPlenum laurdag 12. februar 2022. Sidan møtet vart digitalt valde vi å gjennomføre det på ein dag. Vi samla møteadministrasjonen med ordstyrarane, arbeidsutvalet, fylkessekretær og leiar for nemndene på Scandic Hotell Bergen i Håkonsgaten. Resten av deltakarane var med digitalt. Det var 80 utsendingar i møtet. Dette var noko lågare enn året før, då det var 93 utsendingar.

Det var 22 lokallag som møtte: Alver SV, Askvoll SV, Askøy SV, Austrheim SV, Bergen SV, Bjørnafjorden SV, Gloppen SV, Høyanger SV, Kinn SV, Kvam SV, Kvinnherad SV, Lærdal SV, Osterøy SV, Sogndal SV, Solund SV, Stad SV, Stord SV, Sunnfjord SV, Sveio SV, Tysnes SV, Ullensvang SV og Øygarden SV.

2) Fylkesstyret

På fylkesårsmøtet vart desse valt til fylkesstyre:

Leiar: **Hege Lothe**, Gloppen (1 år) (attval)

Politisk nestleiar: **Torunn Olsnes**, Bergen (1 år) (attval)

Organisatorisk nestleiar: **Rafael Cobo**, Askøy (1 år) (ny)

Økonomiansvarleg: **Sara Bell**, Bergen (2 år) (ny)

Distriktpolitisk ansvarleg: **Gaute Losnegård**, Askvoll (ikkje på val)

Folkevald ansvarleg: **Tone Mjelde**, Osterøy, (ny som folkevald ansvarleg) (ikkje på val)

Fagleg ansvarleg: **Linda Karin Gangstøe**, Bergen (ikkje på val)

Kvinnepolitisk ansvarleg: **Vibeke Johnsen**, Sogndal (ikkje på val)

Miljøpolitisk ansvarleg: **Åsmund Berthelsen**, Sunnfjord (ikkje på val)

Styremedlem: **Kerim Nisancioglu**, Bergen (2 år) (ny)

Styremedlem: **Bjørn Kåre Engseth**, Eidfjord (ikkje på val)

Styremedlem: **Silje Nordtveit Olsen**, Kvinnherad (2 år) (ny)

I tillegg har desse vore representert i fylkesstyret:

Representant frå Vestland SU: **Rasmus Tennø Loe**

Fylkestingsgruppeleiar: **Marthe Hammer**

Stortingsrepresentant **Audun Lysbakken** vert alltid kalla inn til møta.

Hege Lothe og **Sara Bell** har vore landsstyrerepresentantar i perioden.

Linda Karin Gangstøe trakk seg som fagleg ansvarleg i april og fungerte i vervet ut månaden. **Steinar Nørstebø** overtok som leiar for fagleg utval og vart supplert inn i fylkesstyret på fylkesstyremøtet i juni. Han har fungert i denne rolla resten av perioden.

3) Arbeidet i arbeidsutvalet

Arbeidsutvalet har vore **Hege Lothe**, leiar, **Torunn Olsvik**, politisk nestleiar, **Rafael Cobo**, organisatorisk nestleiar og **Sara Bell**, økonomiansvarleg. Det er leiar og dei to nestleiarane som har røysterett i arbeidsutvalet. Arbeidsutvalet har hatt 11 møte gjennom perioden der vi har førebudd fylkesstyremøte, arbeid vidare med saker og gjort vedtak på oppdrag frå fylkesstyret. Møta har blitt haldne på nettløysinga Zoom.

4) Arbeidet til fylkesstyret

Fylkesstyremøte: Fylkesstyret har hatt 9 møte gjennom året og handsama 75 saker. Møta har vore 20. mars, 13. juni, 22. august, 21. september, 20. oktober, 19. november, 8. desember i 2022 og 11. januar, 2. februar og 9. februar 2023.

To av styremøta har vore fysiske møte. Eitt den 22. august, då vi møttest til fest og styremøte i Bergen, og eitt i framkant av nominasjonsmøtet 19. november. Dei andre møta har vore på nettløysinga Zoom. Fylkesstyret har hatt ein god tone, og hatt både politiske og organisatoriske drøftingar. Hovudmøteforma er digitale kveldsmøte. Det er ein fordel om vi får til litt meir møtetid saman, slik at vi får drøfta fleire av sakene grundigare. Det har stort sett vore godt oppmøte.

5) Utvida fylkesstyremøte: Vedtektene opnar for utvida fylkesstyremøte der alle lokallaga vert inviterte inn i møtet med ein representant kvar. I 2022 har det vorte invitert inn slik til tre slike møte: 14. mars, 19. mai og 13. desember. Hovudemne for fyrste møtet var førebuingar til, og arbeidet med å stille kommunestyrelister og lage valprogram i lokallaga. Andre møtet i mai handla også om arbeidet med å stille lister. I tillegg var saka om Regional transportplan eiga sak. Etter avtale med fylkestingsgruppa vart dette møtet organisert slik at Marthe Hammar og fylkestingsgruppa skulle ha ein sjanse til å ta med innspela inn i arbeidet i fleirtalsfraksjonen på fylkestinget. På førehand var alle samde om at dette kunne bli ein knallhard debatt, men det vart eit møte som slutta opp om politikken som var lagt.

Siste møtet den 13. desember vart kalla inn på kort varsel. På førehand hadde fylkesstyret drøfta ulike leiarkandidatar til SV. Det var usemje i fylkesstyret, og fylkesstyret inviterte difor til utvida fylkesstyremøte for å få råd frå lokallaga. Det var 1/3 del av lokallaga som møtte, i tillegg til halvparten av fylkesstyret. Møtet gjorde ei røysting som vart sendt vidare som eit delt innspel til den sentrale valnemnda. Dette vart også gjort kjent i media.

Fylkesstyret meiner det er nyttige å samle alle lokallaga til slike møte og ynskjer å halde fram med denne arbeidsforma.

6) Valnemnd

På fylkesårsmøtet vart det valt eiga valnemnd. Desse har vore:

Aud Kari Isane, leiar, Sogndal, 1år (attval)

Einar Horvei, Voss (ikkje på val)

Bente Owren, Bergen, (ny) 2 år

Thomas Michael Walle, Gloppen (ny) 1 år

Veronica Ruud, Askøy (ny) 2 år

Tea Volle, SU (ny) 1 år

Leiar i valnemnda var med på nominasjonsmøtet i Sogndal i november og informerte om at nemnda tek imot framlegg frå laga. Valnemnda har arbeidd godt og hatt digitale møte.

7) Revisorar

På fylkesårsmøtet vart **Jakob Andre Sandal**, Sunnfjord, og **Hege Bjørnør**, Bjørnafjorden, valt til revisorar. **Åge Rosnes**, Bergen, er vara.

8) Folkevalde

SV er representert i 29 kommunestyre i Vestland fylke. Vi hadde 58 folkevalde i kommunestyre og bystyre, og 4 folkevalde på fylkestinget. Ein av dei folkevalde i Kinn kommune, Marie Øverås Jensen, melde overgang til Ap i perioden. Difor er det i dag 57 folkevalde for SV. Heiltidsfolkevalde er **Marthe Hammer** i Vestland fylkesting, og **Mikkel Grüner** og **Diane Berbain** i Bergen bystyre. Nytt frå desember 2022 er at **Eira Garrido** er blitt varaordførar i Bergen bystyre. Dei andre tre varaordførarane våre er: **Vibeke Johnsen** i Sogndal, **Jan Olav Fretland** i Lærdal og **Kjartan Haugsnes** i Vaksdal. Vi har følgjande representantar med minoritetsbakgrunn: **Symphorien Pombe** (både i kommunestyret i Øygarden og fylkestinget), **Camilla Ahamath** og **Eira Garrido** (bystyret i Bergen), og **Rafael Cobo Garrido** (kommunestyret i Askøy). Det er 33 kvinner og 29 menn som er folkevalde i Vestland SV.

9) Utvala

Arbeidsplanen legg opp til at fylkesstyret skal velje fleire utval som skal arbeide med ulike politiske saker. Det vart sendt ut ein eigen e-post til alle medlemmer tidleg i arbeidsåret, der alle hadde høve til å melde interesse. Vi hadde fyrste runde med oppnemningar på fylkesstyremøtet i mars. Nytt i dette arbeidsåret var at fylkesårsmøtet hadde vedteke at vi skulle velje eit eige internasjonalt utval. Fylkesstyret har også fått oppdraget med å skipe eit skeivt utval. Dette har vi ikkje lukkast med i dette arbeidsåret.

Distriktpolitisk utval

Utvalet vart utpeika på fylkesstyremøte 22. mars 2022. Med i utvalet har vore følgjande:
Gaute Losnegård, leiar (Askvoll)
Elisabeth Croles (Kvinnherad)
Mari Svartveit Hansen (Ullensvang)
Geir Madsen (Kvam)
Björg Fritsvold (Vik)
Jon Valur Olafsson (Kinn)
Bjørn Kåre Engseth (Eidfjord)
Siri Janne Lianos (Bjørnafjorden)
Henry Lie, Bergen/Arna

Utvalet har hatt to digitale møte (21. august og 14. september) og har elles hatt kontakt via e-post. På det eine møtet hadde vi som hovudtema bustadkrisa og dei aukande formueskilnadane dette vil føre til mellom by og land. Vi har prøvd å få til eit ope nettmøte om dette emnet med Bente Aasjord som innleiar, utan å lukkast med å få ho til å stille opp.

Utvalet har elles arbeidd med politisk utspel i forkant av landbruksoppgjeret, og innspel til Vestland SV si programnemnd i arbeidet med nytt fylkesprogram for perioden 2023-27. Gaute og Mari sat som medlemmer i denne nemnda og har jobba godt for distriktsinteressene.

Fagleg utval

Utvalet vart utpeika på fylkesstyremøte 22. mars 2022. Desse har vore med i utvalet:
Linda Gangstøe, leiar, Fagforbundet, Bergen (fungerte ut april 2022)
Steinar Nørstebø, Handel og Kontor, Bergen (overtok som leiar etter Linda Gangstøe)
Anders Haug-Nossum, hovudtillitsvald for Fellesforbundet i Keolis Norge, Øygarden
Anne Åsheim, Norsk Folkehjelp, Bergen

Craig Russell Lundervik Bøthun, Bjørnafjorden
Eskild Hustvedt, Fagforbundet, Bergen
Hege Bjørnør, Fagforbundet, Bjørnafjorden
Henrik Fjeldsbø, leiar i LO helikopterutval og forbundssekretær i Industri Energi, Høyanger
Jorge Del Pino, HTV for Fagforbundet Stord sjukehus, Stord
Jørgen Mjelve, hovudtillitsvald NTL UiB, Bergen
Knut Remi Heimvik, Leiar av seksjon oppvekst, kyrkje og kultur, Fagforbundet, Bergen/Arna
Marianne Sæhle, Norsk Sjukepleiarforbund, Bergen
Rafael Cobo, Skolenes Landsforbund, Askøy
Steinar Nørstebø, Handel og Kontor, Bergen
Tina Åsgård, NTL, Bergen
Tone Otterlei, FO, Sunnfjord
Tore Muller Andresen, HK Finansforbundet, Bergen
Ørjan Hatlestad, Bergen
Stefan Lindner, fylkeshovudtillitsvald for tannlegeforeininga, Bergen
Åge Rossnes, Landsforbundet for offentlege pensjonistar, Askøy

Kvinnepolitisk utval

Utvalet vart utpeika på fylkesstyremøte 22. mars 2022. Med i utvalet har vore følgjande:

Vibeke Johnsen, leiar, Sogndal
Eva Aarskog, nestleiar, Øygarden
Jenny Kjøsnes, Fjaler
Anna Nordlund, Alver
Anna Katrine Eltvik, Bergen
Marita Solvang, Bremanger
Silje Hjelmeland Olsen, Kvinnherad (gjekk ut av utvalet i november)
Lena Grønningsæter, Bergen
Shayan Hussein, Bergen (gjekk ut av utvalet i september)

Det har vore to møte og ikkje så mykje meir aktivitet i utvalet dette året. Eva Aarskog har møtt for utvalet og Vestland SV i 8. mars-initiativet i Bergen, både i 2022 og i 2023. SV arrangerte møte i Kvinnefestivalen om omvendt valdsalarm med Ellen (kode 6-status) og Andreas Skjalg Unneland som innleiarar. Eva Aarskog deltok på Kvinnekonferansen arrangert av Kvinnepolitisk utval nasjonalt i Oslo i juni. Vibeke Johnsen er medlem i sistnemnde, og har delteke på dei fleste møta.

Miljøpolitisk utval

Utvalet vart valde på fylkesstyremøte 22. mars 2022. Utvalet har vore desse:

Jens Revold, leiar, Bergen
Åsmund Berthelsen, Sunnfjord (miljøpolitisk ansvarleg)
Kristin Skaar, Bergen
Hallvard Birkeland, Bergen
Arnfinn Gjerdåker, Voss
Ragnhild Freng Dale, Bergen/Sogndal
Soukaina Legdani, Bergen
Guttorm Østevold Fjose, Stord

Kerim Hestnes Nisancioglu, Bergen

Einar Svendsen, Askøy

Anette Kathinka Servan, Bergen.

Ingrid Rekkavik er medlem i utvalet, men har det siste året budd på Svalbard.

Åsmund Berthelsen og Ragnhild Freng Dale sit også i det sentrale miljøpolitiske utvalet. I det sentrale utvalet er det havforvaltning og vern, havbruk og arealpolitikk som har vore dei viktigaste tema. Fleire i utvalet har delteke på webinar som det sentrale utvalet har arrangert. På det fyrste møte den 27. april orienterte Tina Åsgård om miljødelen av Bergen SV sitt framlegg til kommuneprogram for komande bystyreperiode. Medlemmene i utvalet kom med spørsmål og gav innspel. Etter møtet tok Jens Revold over som leiar etter Åsmund Berthelsen.

Miljøpolitisk utval saknar ei form for permanent digital møteplass der framlegg frå eigne og eksterne deltakarar kan leggjast. I tillegg finst det mykje skriftleg, relevant dokumentasjon som vi gjerne skulle lagra eller lagt inn referansar på. Utvalet sit på mykje kompetanse, og det vil vere viktig både for medlemmene av utvalet, men også alle SV-arar i Vestland, å få lett tilgang på viktig informasjon. Dette vil også vere relevant for fleire av utvala.

Miljøpolitisk utval hadde seminar i Bergen 11. og 12. november der vi drøfta forslaget til prinsippprogram. Tema elles var energipolitikk på naturens premissar, med innleiing av Magne Vågsland frå Naturvernforbundet i Trøndelag. Vidare innleia Tor Midsund om regional plan for fornybar energi, og ulike måtar å skaffe energi på vart drøfta, som energieffektivisering, biogass, vindkraft, havvind, bølgekraft og geotermisk energi. På seminaret var det også gode innlegg om solenergi, naturmangfald og energipolitikk. Fleire medlemmer i utvalet har utarbeidd framlegg til endringar både i forslaget til prinsippprogram og til fylkesprogram.

Antirasistisk utval

På fylkestyremøtet 22. mars vart det vedteke å vidareføre oppnemningane til antirasistisk utval frå førre arbeidsår. Utvalet har dermed vore desse:

Rafael Cobo Garrido, leder, (Askøy)

Akhtar Chaudhry (Bergen)

Camilla Ahamath (Bergen)

Symphorien Pombe, (Øygarden)

Elin Hege Lona (Bergen)

Abuljabbar Alammouri (Aurland)

Benedict Ernest Peter (Bergen)

Kjersti Følling Slettemark (Bergen)

Jonathan Johanssen (Bergen)

Rebecca Staurset (Bergen)

Ahmad Isse Abdulhai (Bergen)

Utvalet har dessverre ikkje hatt noko stor aktivitet i 2022. Det vart gjort eit fyrste forsøk på å setje utvalet i gong i mars, men det har ikkje blitt sett opp fleire møte. Det vart gjort eit nytt forsøk på å treffast i oktober, med tanke på å gje innspel til programarbeidet i Vestland SV. Då fekk ein til eit møte med berre tre av utvalsmedlemene. Per i dag er det fem personar som har sagt seg villige til å arbeide med utvalet og lage aktivitet. Dette er ei byrjing, men skal ein få til aktivitet må ein arbeide for å treffe breiare.

Utdanningspolitisk utval

Utvalet vart utpeika på fylkesstyremøte 22. mars 2022. Desse er med i utvalet:

Åsmund Berthelsen, leiar, Sunnfjord

Hilde Iren Rivedal, Sunnfjord

Erlend Breidal, Bergen

Norvall Nøringset, Sunnfjord

Evelyn Monslaup, Austrheim

Eigil Hole Lønning, Bergen

Maryan Georgsdatter Mundal, Sogndal

Kristin Brattetaule Manger, Bergen

Trude Kyrkjebø, Alver

Sveinung Unneland, Bergen

Fraksjonen som er valt utanom utvalet og knytt til arbeidet i Hovudutval for opplæring og kompetanse har vore slik samansett: Åsmund Berthelsen, Sunnfjord, Jeffrey Meijer, Bergen, Torunn Olsnes, Bergen og Emil Kvebæk Øvretveit, Øygarden.

Det har vore vanskeleg å få utvalet til å fungere slik det skal. Mellom anna skuldast det kapasiteten til leiaren, og at fleire av medlemmene er svært opptekne. Difor har det berre vore kontakt via e-post. Fraksjonen har vore innkalla til møte i framkant av nokre møte i Hovudutvalet for opplæring og kompetanse, der saker i utvalet har vore drøfta. Men også her har det vore vanskeleg å få fullt frammøte. Vidare er det vanskeleg å kombinere skikkeleg handsaming i denne fraksjonen opp mot arbeidet i fraksjonen som samarbeidspartia har (sjå meir om det i meldinga frå fylkestingsgruppa). Det er viktig å drøfte korleis gruppa skal arbeide og korleis medlemmene kan verte meir aktive.

Utvalet har vore utfordra på å kome med innspel til framlegg til fylkesprogram. Åsmund Berthelsen, leiar i utvalet, sende inn fleire framlegg som han har drøfta med Marthe Hammer, leiaren i programkomiteen, og eit av medlemmene i komiteen, Eigil Hole Lønning, som også er medlem i fraksjonen og utdanningspolitisk utval. Programframlegget vart endra ein del etter det.

Internasjonalt utval

Utvalet vart utpeika på fylkesstyremøte 22. mars 2022. Med i utvalet har vore følgjande:

Diane Berbain, leiar, Bergen

Rafael Cobo, Askøy

Soukaina Legdani Hiis Bergh, Bergen

Arne Haukeland, Ulvik

Thomas Helland-Hansen, Bergen

Peter Johan Magnus, Bergen

Martin Lindland, Bergen

Johanne Marie Sletten, Bergen

Internasjonalt utval kom ikkje heilt i gong med arbeidet dette året. Ein prøvde å lage eit skipingsmøte for utvalet saman med det sentrale internasjonale utvalet, og når det aldri fekk ein møtedato vart det ikkje gjort noko meir.

10) Funkisnettverk

Funkisnettverket i Vestland SV er ein del av funkisnettverket nasjonalt i SV. Det vart teke initiativ til oppstart av nettverket i 2021. Nettverket har i dag tre medlemmer: Mari

Svartveit Hansen, Yvonne Christoffersen og Arve J. Nilsen. Dei har ikkje hatt møte i år. Målet er å skaffe fleire medlemmer og vera meir operative. Funkisnettverket ynskjer å løfte fram saker som universell utforming, tog og høysesentral, og sjølvsagt bidra til å vere eit nettverk for dette politikkkfeltet.

11) Tilsette

Vestland SV har hatt fylkessekretær som har vore tilsett lokalt i Vestland SV, og tidlegare Hordaland SV. Hausten 2022 valde fylkestyret å gå over til sentral tilsetting. Det har blitt signert ei eiga avtale med sentralt som stadfestar dette. Vestland SV er arbeidsleiar, medan SV ved dagleg leiar er arbeidsgjevar.

Fylkessekretæren er sekretær for fylkestyret og arbeidsutvalet, og har stort sett å gjere med alt fylkeslaget arbeider med. Fylkessekretæren følgjer opp alle dei organisatoriske tiltaka i fylkeslaget knytt til arrangement og valkamp, og gjer mykje arbeid knytt direkte til lokallaga. Etter ei omlegging utfører også fylkessekretæren økonomiarbeidet saman med økonomiansvarleg i styret. Fylkessekretæren følgjer arbeidet i fylkestinget tett, og deltek som sekretær i forhandlingar med dei andre partia i posisjonen, på mange av møta i fylkesutvalet, og i fylkestinget.

Frøydis Olaussen har vore fylkessekretær for Vestland SV i full stilling heile året, og ho har vore tilsett i Hordaland SV og Vestland SV sidan 2012. Ho har vore svært viktig for partiorganisasjonen og for at laget har gjort gode val. Ho var også svært viktig i overgangen til nytt fylkeslag. Ho slutta ved årsskiftet for å gå over i ny jobb, men har teke på seg å avslutte rekneskapen til Vestland SV.

Aslak Owren er tilsett som ny fylkessekretær. Han tek til i stillinga 1. mars.

Organisasjonskonsulent

Tidlegare har denne stillinga vore delt mellom Møre og Romsdal SV, Vestland SV og Bergen SV. I løpet av våren vart det klart at Møre og Romsdal SV ville ha si eiga stilling. Dermed har Vestland SV og sentralt inngått ei eiga avtale, der vi finansierer ei heil stillinga med halvparten kvar. Vestland SV har så ei eiga avtale med Bergen SV som seier at vi deler stillinga likt mellom oss.

Sigrid Sandal byrja i stillinga i midten av august med sentral tilsetting frå start.

Olav Vlam var tilsett i ei stilling som innhaldsprodusent i 40 %, der 20 % var finansiert av fylkestingsgruppa og resten av bystyregruppa i Bergen. Han sa opp og slutta ved nyåret. Det er ikkje tilsett nokon etter han i denne stillinga.

12) Fylkeskontoret

Fylkeskontoret til Vestland SV ligg på St. Jakobs plass 9 i Bergen sentrum. Det er fast kontorstad for fylkessekretær og organisasjonskonsulenten. Gruppeleiar Marthe Hammer brukar også dette kontoret, når ho ikkje sit på kontoret knytt til fylkeskommunen. Vi deler kontor og utgifter med Bergen SV, Bergen SU og Vestland SU. Ungdommane brukar kontoret flittig, i tillegg til møterommet i kjellaren når dei er mange, eller møterommet allereie er i bruk. Kontoret har god tilgang for personar i rullestol eller med barnevogn. Bergen SV har hausten 2022 forsøkt å auke aktivitetsnivået på kontoret ved å arrangere ope kontor/SV-kafé ein tysdag i månaden.

13) Landsstyret

I perioden har det vore både digitale møte og vanlege landsstyremøte med fysisk oppmøte. Digitale møte har ein hatt ved ekstraordinære saker, som spørsmålet om våpensendingar til Ukraina, og då Audun Lysbakken varsla landsstyret om at han ikkje tek attval som partileiar i 2023.

Etter at Russland invaderte Ukraina i februar 2022 vart det ei sak om SV skulle støtte å sende våpen til Ukraina. Landsstyret møttest to gonger om denne saka. Saka vart grundig diskutert i arbeidsutvalet og i fylkesstyret i framkant av handsaminga i landsstyret. Landsstyremedlemmene våre møtte utan bunde mandat. I løpet av året landsstyret fleire gonger teke opp ein brei, tryggleikspolitisk debatt og drøfta spørsmålet om korleis SV skal halde seg til NATO-medlemsskapen.

Landstyrerepresentantar frå Vestland SV:

Hege Lothe, Gloppen

Sara Bell, Bergen

1. vara: Torunn Olsnes, Bergen

2. vara: Åsmund Berthelsen, Sunnfjord

3. vara: Rafael Cobo, Askøy

4. vara: Gaute Losnegård, Askvoll

14) Førebuingar til landsmøtet i mars 2023

Fylkesårsmøtet skal velje utsendingar til landsmøtet. Denne gongen får Vestland SV 23 utsendingar i tillegg til dei som vart valde av landsmøtet for to år sidan. Det vil seie våre to landsstyrerepresentantar, to sentralstyremedlemmer og to direktevalde landsstyrerepresentantar.

Vedtekter: Landsstyret valde våren 2022 ei førebuande vedtektsnemnd som gjekk gjennom vedtektene med tanke på å oppdaterte dei til dagens fylkesstruktur, og for å gjere dei meir presise. **Torunn Olsnes** har sete i denne nemnda.

Nytt prinsippprogram: Sara Bell og Ragnhild Freng Dale vart valde inn i komiteen som laga utkast til nytt prinsippprogram for SV. Utkastet var klart i haust. Det vart laga til ein eigen konferanse i Oslo om temaet som heitte *Sosialisme på norsk*. Der hadde både Sara og Ragnhild sentrale roller, og det var fleire frå Vestland SV som deltok på konferansen. Landsstyret sette saman ein eigen komité som innstilte på endringsframlegga frå partiet til landsstyret. Sara leia denne komiteen.

Valnemnd: Marthe Hammar er vald inn i den førebuande valnemnda, og var med og laga innstillinga til nytt sentralstyre til landsmøtet i 2023.

15) Anna representasjon i SV

Vestland SV er representert i både den sentrale leiinga i partiet og sentrale utval.

Audun Lysbakken er partileiar og stortingsrepresentant

Gina Barstad er sentralstyremedlem

Aslak Owren er vara i Samepolitisk forum

Camilla Ahamath er inkluderingspolitisk leiar

Jarle Brattespe er miljøpolitisk leiar

Hege Lothe er landsstyremedlem

Sara Bell er landsstyremedlem, medlem i Fagleg utval og 1. vara på Stortinget

Marianne Sæhle er medlem i Fagleg utval
Steinar Nørstebø er medlem i Fagleg utval
Heidi Wittrup Djup er medlem av Inkluderingspolitisk utval
Mary-Anne Karlsen er medlem av Inkluderingspolitisk utval
Silje Oscar er medlem av Inkluderingspolitisk utval
Rebecca Staurseth er medlem av Inkluderingspolitisk utval
Rafael Cobo er medlem av Internasjonalt utval
Ragnhild Freng Dale er medlem av Miljøpolitisk utval og vara i Samepolitisk forum
Åsmund Berthelsen er medlem av Miljøpolitisk utval
Vibeke Johnsen er medlem i Kvinnepolitisk utval

16) Arbeid med fylkesvalprogram

Fylkesårsmøtet valde ei nemnd for å skrive framlegg til nytt fylkesvalprogram:

Marthe Hammer, leiar, fylkestingsgruppa, fylkesstyret, Bergen

Gaute Losnegård, Askvoll/fylkesstyret

Steinar Øydvin, Sogndal

Hilde Lende Aune, Askøy

Alexander Papas, Stord

Eigil Hole Lønning, Bergen

Ann Kristin Ramstrøm, Bergen

Mari Svartveit Hansen, Ullensvang

Hlin-Såga Kyrkjeøy, SU

Nemnda byrja å arbeidet etter fylkesårsmøtet og jobba gjennom våren og hausten. Nemnda har i løpet av arbeidet hatt to fysiske møte med presentasjonar, i tillegg til ei rekke digitale møter. Fylkesvalprogramnemnda har også fått inn fleire skriftlege innspel frå lag, organisasjonar og næringsliv i Vestland, som ein har forsøkt å innarbeide der ein synst det gjev god politikk. Fyrste utkast vart sendt til organisasjonen for gjennomlesing og innspel med frist 4. desember. Det vart laga til eit eige seminar om programmet i samband med nominasjonsmøtet i Sogndal. Andre og siste utkast frå nemnda vart lagt ut på nettstaden til Vestland SV i januar 2023, i god tid til fylkesårsmøtet i februar. Fylkesvalprogrammet blir endeleg vedteke på fylkesårsmøtet.

17) Folkevaldsamling på Stortinget

Endeleg fekk vi til folkevaldsamling for Vestland SV på Stortinget fredag 28. oktober. Alle folkevalde i kommunestyre, bystyre og fylkestingsgruppa, forutan lokallagsleiarar utan representasjon i kommunestyra, og arbeidsutvalet i Vestland SV var invitert. Det var 23 som deltok på samlinga. Samlinga hadde eit hektisk program: **Andreas Sjalg Unneland**, stortingsrepresentant for Oslo og tidlegare kommunestyrerepresentant for SV i Fjell, heldt ei omvising på Stortinget. Partileiar **Audun Lysbakken** innleia om SV fram mot 2023. Valkamleiar i SV, **Kristian Fjellanger**, hadde innlegg om valkamp 2023. **Lars Haltbrekken**, stortingsrepresentant for Sør-Trøndelag og medlem i energi- og miljøkomiteen, snakka om korleis ein kan nytte og produsere kraft i møte med lokalsamfunn. **Mari Gjerdåker**, politisk rådgjevar i transport- og kommunikasjonskomiteen, gjekk gjennom kva som er våre viktigaste prioriteringar i samferdselspolitikk. **Stine Akre**, varaordførar Trysil, fortalde om korleis dei får til god SV-politikk i kommunen, og gjekk gjennom korleis ein kan arbeida med budsjettarbeidet på kommunalt nivå. Ho viste også korleis ein kan gå frå ein idé som står i eit valprogram til å sjå at den vert vedteken i kommunen. Gruppeleiar i fylkestingsgruppa, **Marthe Hammer**, informerte om dei viktigaste sakene i fylkestinget, medan sekretariatsleiar på

Stortinget, **Bjarne Kristoffersen**, peika på korleis ein kan få løfta lokale saker til Stortinget. Som representant for Fagforbundet heldt **Sara Bell** heldt innlegg om fagpolitisk samarbeid. Det var ein gjevande dag og dagen vart avslutta med felles middag.

18) Arbeid med nominasjon til fylkestinget

Fylkesårsmøtet valde desse til å sitje i nominasjonsnemnda:

Tom Skauge, leiar, Bergen

Bente Nilssen, Kinn

Vibeke Johnsen, Sogndal

Nils Magne Blålid, Stord

Hege Bjørnør, Bjørnafjorden

Ørjan Hatlestad, Bergen

Karine Gullberg-Vinje, SU

Det vart sendt ut oppmoding til alle medlemmene og lokallaga i Vestland SV om å kome med innspel til namn til nominasjonsnemnda. Nemnda byrja å intervju kandidatar til verva hausten 2022, og hadde ferdig eit utkast tidleg i oktober. Dette utkastet fekk lokallaga kome med innspel til, og så kom nemnda med endeleg innstilling til nominasjonsmøtet til fristen 14 dagar før møtet. Den siste innstillinga frå nemnda hadde ikkje teke med innspel frå laga, og dette skapte nokre skarpe reaksjonar i framkant av møtet. For å få oversikt over ulike framlegg, valde fylkesstyret å setje frist for å kome med benkeframlegg til torsdag før nominasjonsmøtet. Fylkesstyret sette ned ei ny hurtigarbeidande nemnd om morgonen før møtet med sikte på å få til ei heilskapleg innstilling til møtet.

19) Nominasjonsmøte og programkonferanse i Sogndal

Sidan det blei halde digitalt fylkesårsmøte i 2022, og ikkje fysisk møte i Sogndal som planlagt, vart nominasjonsmøtet lagt til Sogndal laurdag 19. november med programkonferanse søndag 20. november. Nominasjonsmøtet fekk inn fleire forfall frå utsendingane og fylkesstyremedlemmer heilt fram til møtestart. Det var om lag 70 deltakarar med røysterett.

Det var 19 lokallag som møtte: Alver SV, Askøy SV, Bergen SV, Bjørnafjorden SV, Gloppen SV, Høyanger SV, Kinn SV, Kvam SV, Sogndal SV, Stad SV, Stord SV, Sunnfjord SV, Sveio SV, Tysnes SV, Ullensvang SV, Ulvik SV, Vaksdal SV, Voss SV og Øygarden SV.

Vi sette opp møtestart for å gje bussen frå Bergen tid til å komme heilt fram. Etter kvinne- og manneformøte starta sjølve nominasjonsmøtet. Det vart diskusjon om fleire av plassane på fylkestingslista, og mange tok ordet i dette ordsiftet. Det vart gjennomført fleire røystringar. Dei som vart valde hadde godt med røyster i salen. Røystringane vart gjort via møtesystemet Goplenum, og det fungerte godt.

Heile søndag var sett av til drøftingar om framlegget til fylkestingsprogram for Vestland SV. Møtet hadde fleire eksterne kommentarar: **Hilde Kvamsås Aa**, hovudtillitsvald for Utdanningsforbundet i Vestland fylke, **Leif Grutle**, leiar i Hordaland bonde- og småbrukarlag, **Anne-Line Thingsnes Førsumd**, leiar i Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, **Kjell Erik Husom**, leiar i Creo Vestland, i tillegg til **Diane Berbain** om samferdsle sett frå Bergen. Fleire frå programnemnda la fram nemnda sitt arbeid: **Gaute**

Losnegård, Steinar Øydvin, Alexander Papas, Mari Svartveit Hansen og Ann Kristin Ramstrøm. Dette vart ein veldig god møtedag.

20) Førebuing av kommune- og fylkestingsvalkampen

Fylkesstyret peika ut Marthe Hammer, Hege Lothe, Sigrid Sandal og Frøydis Olaussen til å lage eit framlegg til dreiebok for valkampen. Denne inneheld ein del organisatoriske planar og strategiar for korleis vi skal drive valkamp, materiellproduksjon og logistikk. Den politiske strategien for valkampen skal valkampgruppa leggje. Dreieboka vart lagt fram og vedteken av fylkesstyret, og seinare lagt fram for nominasjonsmøtet. I oktober var det fellessamling med dei andre fylkeslaga i Oslo. I samanlikning med andre lag låg Vestland SV greitt an med planlegginga. Gjennom siste del av arbeidsperioden har vi ikkje fått gjort så mykje førebuingarbeid som vi hadde lagt opp til.

21) Listestillingsarbeidet i kommunane

Det er dei tilsette med Sigrid Sandal og Frøydis Olaussen som har leia arbeidet med listestilling. Vi har følgt opp alle kommunane som har trengt det. I tillegg har vi arbeidd med fleire kommunar som ikkje hadde liste sist, og vi vonar å få til noko denne gongen. I nokre kommunar har det kome til folk som ynskjer å gjere noko, medan det i andre kommunar er meir trått arbeid.

22) Medlemstal

I 2020 hadde Vestland SV 2021 medlemmer, og i 2021 auka medlemstalet til heile 2206 betalende medlemmer, medan i 2022 vart det dessverre nedgang til 2110 betalende medlemmer. Vi fekk 173 nye medlemmer, over 30 av desse berre på Voss i november og desember. Likevel er det mange som let vere å fornye medlemskapen, slik at vi ikkje har greidd å halde medlemstalet. Auken i perioden 2020–22 er på 4,4 prosent og ligg heilt på linje med det nasjonale talet på 4,3 prosent.

23) Lokallag

Vestland fylke har 43 kommunar. Vestland SV har 31 lokallag fordelt på 31 kommunar. Av desse lokallaga er det 29 som har representasjon i kommunestyret. Vestland SV er oppteken av å halde tett kontakt med lokallaga. I denne arbeidsperioden har ikkje fylkesstyremedlemmene hatt faste lokallag å følgje opp (fadderordninga). Det har vore kontakt med enkelte lag når det har vore behov for det. Det er stor spennvidde i kva type lokallag Vestland SV har. Det største lokallaget har nær halvparten av medlemmene i fylkeslaget, medan dei minste lokallaga har to–tre medlemmer. Fylkesstyret meiner det er viktig å halde fram arbeidet med å styrke lokallaga.

24) Skiping av nye lag og oppstart av tidlegare lokallag

I nokre kommunar arbeider vi med å skipe opp att lokallag. Nokre plassar har vi kontaktpersonar og vi har hatt møte, utan at det har ført til stifting av lokallag. Siste året er det spesielt i Luster, Årdal, Aurland og Etne vi har arbeidd med å få til fungerande lag. Førebels er det i Luster vi har kome lengst.

Luster SV

Oppstart av Luster SV 16. januar vart planlagt hausten 2022. Laget fekk to nye medlemmer mot slutten av året, og begge ynskte å stille på liste i det komande kommunevalet. Luster kommune endra status frå potensiell til sikker liste rett før årsskiftet. Sist det vart stilt liste for SV i Luster i lokalval var i 2015, og no vert det satsa på å få eit etterlengta alternativ til venstre for Arbeiderpartiet og Senterpartiet.

25) Reise med Andreas Sjalg Unneland

I arbeidet med å skipe lokallag, lage nye lister og sikre lister der vi allereie har lister, har **Andreas Sjalg Unneland**, stortingsrepresentant for Oslo (og stril), vore velvillig til å stille opp for oss. I løpet av året har han gjort fleire reiser. I løpet av 10. og 11. juni vitja han og **Hege Lothe** lokallag og aktivistar i Bremanger, Stad, Stryn, Luster, Lærdal og Aurland. Den 20. september var han i Vik.

26) Andre besøk

Stortingsrepresentant **Ingrid Fiskaa** har vore på besøk til Stord SV, Askøy SV, Bergen SV og vitja Rafto-stiftinga i Bergen. Stortingsrepresentant **Marian Husein** har vore på besøk i Bergen hjå mellom andre Bergen SV. Stortingsrepresentant **Torgeir Knag Fylkesnes** har vitja Bergen SV. Stortingsrepresentant **Lars Haltbrekken** har vore på besøk til Kvam SV. Stortingsrepresentant **Birgit Oline Kjerstad** har vitja Ullensvang SV.

27) Støtte til streik, fanemarkeringar og andre markeringar

For Vestland SV er det innarbeidd praksis å ta stilling til streikar og arbeidskonfliktar, og gje politisk støtte der vi tykkjer det er rett. Lærarane gjekk ut i streik rett før sommarferien og den 15. juni deltok Vestland SV i fanemarkering i Bergen for dei streikande lærarane. I august drøfta fylkesstyret saka og den 23. august følgde fylkesstyret opp dette med å gje full støtte til lærarstreiken: «Lærerne har akseptert oppgjør etter oppgjør der resultatet har vært svakt. Denne gangen er det nødvendig at lærerorganisasjonene sier at nå er det nok. Vestland SV gir full støtte til lærerstreiken!». **Marianne Sæhle** og **Marthe Hammer** frå fylkestingsgruppa møtte også dei streikande i Bergen i september 2022.

Fylkesstyret vedtok støtte til Industri Energi (IE): «Arbeiderne i Norges stolte og verdensledende metallindustri streiker nå for første gang på flere tiår. De streiker for anstendige lønnsvilkår og aller viktigst for å kunne møte sine arbeidsgivere til reelle og likeverdige lokale forhandlinger. Industri Energi (IE) streiker derfor for retten til å aksjonere under de lokale forhandlingene for å slå tilbake lønnsdiktat fra bedriftsledelsen. Vestland SV støtter IE sin viktige kamp for virkelig innflytelse og likeverdighet på arbeidsplassene i industrien.»

Den 22. oktober 2022 gjekk fylkesstyret ut med støtte frå Vestland SV til dei som stod i barnehagestreik frå Fagforbundet, Utdanningsforbundet og Delta. Kampen stod om dei tilsette i private barnehagar tilslutta Private Barnehagers Landsforbund (PBL) skal ha gode kjønnsnøytrale og livsvarige pensjonsordningar, og for at dei som alle andre i private verksemdar skal knytast til AFP-ordninga i privat sektor.

Andre saker og markeringar:

Vestland SV har delteke i:

- markering mot høge straumprisar, Marthe Hammer held appell i Bergen
- Pride-markeringa SoFjo-pride i Førde
- markering knytt til Bybanetraseen i Bergen
- markering mot Hordfast i oktober
- markering på Nasjonal aksjonsdag mot baseavtalen, 23. april

28) Pressearbeid gjennom året

Etter fylkesårsmøtet gjekk det ut eiga pressemelding om årsmøtet, om attval av Hege

Lothe som fylkesleiar og dei andre vala som vart gjort på fylkesårsmøtet. Det vart også sendt ut eiga pressemelding om at Vestland SV ville fremje sak på fylkestinget om å få folkerøysting om å dele opp att Vestland fylke. Fylkesstyret vedtok streikestøtte til lærarstreiken i august. Denne uttalen vart sendt ut som debattinnlegg til lokalavisene i fylket. Det vart også vedteke å sende ut støtte til streik innafor Industri Energi. Det vart sendt ut pressemelding etter nominasjonsmøtet. Elles har fylkesleiar uttalt seg i nokre aktuelle saker.

29) Sosiale medium

Facebook: Vestland SV har ei Facebook-side med 3 451 følgjarar – opp med 48 sidan førre årsmelding. Det er fyrst og fremst fylkessekretær som oppdaterer og legg ut saker på nettsida. Den vert oppdatert med aktuelle saker her på Vestlandet, men også nasjonale saker i tillegg til opplegg frå sentralt.

Sara Bell etablerte under valkampen Facebooksida Sara Bell med 1800 følgjarar. Denne sida held ho fram å oppdatere innimellom som 1. vara for SV i Hordaland valkrins.

Instagram: Vestland SV har ein instagram-konto på 811 følgjarar. Det har vore ei fin auke følgjarar siste åra og opp 180 sidan førre årsmelding. Det er fyrst og fremst fylkessekretær som oppdaterer denne kontoen. Her fortel vi om aktuelle hendingar, og det blir lagt ut bilete frå fylkestinget og fylkestingsmedlemmene, og delemateriale som vi får frå sentralt.

Sosiale medium er ein viktig kommunikasjonskanal ut til veljarar, presse, medlemmer og motstandarar. Vi møter både våre eigne, folk som kan bli samde med oss og meiningsmotstandarar der. Bilete, filmar og saker på sosiale media er viktig for å skape både samkjensle og kveik i eigen organisasjon, og få ut kunnskap og argument for våre saker.

30) Stortinget og Vestland SV

Storingsrepresentant **Audun Lysbakken** har jamleg kontakt med fylkeslaget, spesielt framfor viktige saker for fylkeslaget. Han er innvalde for Hordaland valkrins, men er oppteken av å ha syn for interessene til heile fylkeslaget. Då regjeringa og SV la fram budsjettavtala for statsbudsjettet for 2023, var det spesielt tydeleg at Audun Lysbakken hadde gjort ein avgjerande jobb for viktige saker både for Bergen, Hordaland valkrins og Vestland. Audun Lysbakken var i farspermisjon frå påske til midt i september. Vararepresentant **Sara Bell** møtte som stortingsrepresentant frå 18. april og har til no møtt 67 dagar på Stortinget.

Den 19. september inviterte SV, Fagforbundet, LO og Norsk Folkehjelp, med **Sara Bell** i spissen, til apartheidseminar på Stortinget. Leiar for Al-Mezan Center for Human Rights i Gaza, Issam Younis, leiar for Human Rights Watch, Omar Shakir, og leiar for den israelske menneskerettsorganisasjonen B'Tselem, Hagai El-Ad, møtte fysisk i Oslo, mens Aseel Al Bajeh frå Al-Haq og andre deltok digitalt. Seminaret var godt besøkt og fekk god mediedekning.

31) Fylkestinget

Fylkestingsgruppa lagar sin eigen rapport for sitt arbeid, og den gjev ei grundig analyse av dei viktigaste sakene dei har arbeidd med og kva slags politisk handlingsrom dei har. Gruppeleiar på fylkestinget, Marthe Hammer, er medlem i fylkesstyret og deltek i alle

møta. Ho har ein fast post der ho informerer fylkesstyret om dei viktigaste og mest aktuelle sakene. Alle dei fire fylkestingsmedlemmene har sin eigen fraksjon som vert kalla saman i framkant av utvalsmøta. Utfordringar er å engasjere medlemmene og lokallaga, og få inn innspel til rett tid, slik at det er mogleg for fylkestingsgruppa å ta det med i sitt arbeid. Dette meiner fylkesstyret vi bør ta større ansvar for og arbeide endå meir med. Fylkesstyret vil rette ein stor takk til heile fylkestingsgruppa og ein ekstra takk til gruppeleiar Marthe Hammer som gjer ein formidabel innsats for oss. Ho profilerer SV godt utetter, og ho er god til å lytte og finne løysingar innerter.

32) Arbeidsplan for Vestland SV

Arbeidsplanen vi arbeider etter no vart fyrst vedteken på fylkesårsmøtet i februar 2021. Deretter vart den oppdatert på fylkesårsmøtet i februar 2022. og no vert den lagt fram til ny og siste oppdatering og vedtak på fylkesårsmøtet i 2023. Det er såleis ikkje eit stort nybrottsarbeid som er gjort. Fylkesstyret tenkjer at arbeidsplanen for 2024 kan få ein større og grundigare gjennomgang.

33) Samarbeid med SU

Vestland SV har eit godt samarbeid med Vestland SU. SU møter med ein representant i fylkesstyret og valnemnda, og har i år vore representert i nominasjonsnemnda og i programnemnda for nytt fylkestingsprogram for Vestland SV. Vestland SU arbeider sjølvstendig, og gjer ein viktig politisk innsats retta inn mot ungdom. Det har blitt halde to samarbeidsmøte, eitt i vår og eitt i haust, mellom Vestland SV og Vestland SU, der vi drøfta både økonomi og aktuelle saker.

34) Generell oppsummering av året

Fylkesårsmøtet i februar måtte vi gjennomføre digitalt. Dette var eitt av dei siste store digitale møta, før det verkeleg vart opna opp att etter koronaen. Dermed fekk vi ikkje heilt sparka i gang det nye året. Vi valde tidleg å bruke dei pengane som vart spart på dette møtet, til å lage fysisk nominasjonsmøte i Sogndal. Dette har vore eit mellomvalår, slik at ein del av arbeidet har handla om å jobbe med å styrke organisasjonen, byggje lokallag der vi ikkje har lokallag og arbeide for å sikre nye lister. Noko vekst har vi fått til og det er vi godt nøgde med, sjølv om målet alltid er høgare. Det har også vore førebuing til fylkestingsval med nominasjon og utarbeiding av nytt fylkestingsvalprogram.

Samlinga på Stortinget for folkevalde vart ein veldig god dag, og det er heilt klart noko vi vil gjere igjen saman med nye folkevalde etter kommune- og fylkestingsvalet.

Det er spennande med utviding av stillinga som organisasjonskonsulent i Vestland SV. Sentralt har gått inn med ekstra finansiering for å få til denne stillinga. Vi deler den med Bergen SV, og hovudargumentet frå sentral er at dei ynskjer å bidra til vekst og organisering av bydelslag i Bergen. Det vert eit stort skifte i fylkeslaget no når Frøydis Olaussen har slutta som fylkessekretær. Det er mange erfaringar og mykje god politisk og organisatorisk kunnskap vi andre lyt ta i vare etter henne.